

Årsmelding 2020

Sogndal Turlag

Styret i 2020 har vore sette saman slik:

| | |
|---------------------------------------|-----------------------------|
| Ove Ellingsen, leiar | Eldar Venes, styremedlem |
| Leif Longvanes, kasserar | Anne Skaar, styremedlem |
| Anne-Britt Reppen Halset, styremedlem | Wenche Fjørtoft, varamedlem |
| Toril Mulen, styremedlem | Tom Dybwad, varamedlem |
| Lisbeth Dahle, styremedlem | |

Aktivitetar

Det har vore gjennomført 9 styremøte med til saman 63 saker. I tillegg er det gjennomført aktivitet og turar i undergrupper som er gjort greie for under. Årsmøte i Sogn & Fjordane turlag vart gjennomført på vanleg måte, medan årsmøte nasjonalt og anna erfaringsutvekslingar har vore gjennomført digital. Sogndal Turlag har i samarbeid med Luster turlag fått tilsett Marie B. Sørum i halv prosjektstilling. Samarbeidet med Luster turlag har fungert godt og vi vonar at dette vert utvida framover. Vi har for neste tursesong samarbeida om turprogrammet, men har ikkje felles turprogram

Sogndal Turlag har redusert aktivitet grunna Covid-19 og gjennomført 9 fotturar og 1 skitur. Vi sær at turar i nærområdet med litt logistikk utfordringar er populære. Det har vore gjennomført 5 kajakkkurs av Torill Mulen, 2 i regi av Sogn og Fjordane Turlag, og 3 i regi av Sogndal Turlag.

Økonomi

Sogndal Turlag har god økonomi og dei siste åra har ekstraordinære tilskot til tiltak som innkjøp av kajakk og kajakknaust og utbetring av stiar auka monaleg. Inntektene til Sogndal Turlag er om lag dobla sidan 2014. Utleige av kajakk har auka i 2020, til tross for at kajakk-naustet var stengt i ei svært aktuell periode som følgje av Covid-19 restriksjonane. Tilsvarande var Grøssete stengt frå mars til september, og det har medført ein nedgang på bruken av hytta. Alle juridiske og økonomiske forpliktingar i høve Råkeneset vart avslutta i 2019.

Framover vil opprettinga av prosjektstillinga vere det mest krevjande økonomisk, då laget med det har teke på seg faste utgifter til løn og drift, men det er forventa at stillinga vil kunne gje auka aktivitet og inntekter. Styret legg fram rekneskapen for 2020 med eit underskot på om lag kr 32 000.

Hyttenemnda – Grøssete

Hyttenemnda består av Jorunn Fjermestad, Torbjørn Stokke, og Magne Eikås. Også i år er det utført målararbeid på hytta, tre vindauger har blitt skarpt og måla. Veggene mot nord gjenstår fortsett og vil bli måla neste år. Det er utført tilsyn av hyttenemnd og det er komen på plass to nye gassbeholdarar. Hyttenemnda vonar at det neste år kjem på plass ei ny toalettøysinga, det vil gjere det trivelegare både for hyttegjester og hyttenemnd. Besøk på hytta har vore redusert grunna Covid-19. Frå september har det vore manuell booking gjennom tilsett som fungera godt med 63 overnattingar og 15 dagsbesøk.

Barnas Turlag - Christina Sørheim og Sindre Børsheim

BT Sogndal har i år hatt eit redusert aktivitetstilbod. Onsdag 23.sept var det haldt konsert på Dagsturhytta på Stedjeåsen i lag med Førdefestivalen og Jens Brekke. 12 born og 17 vaksne fekk oppleve fin musikk i skjønn natur. KDU vinter vart gjennomført i Hodlekve med ca 110 born og

vaksne, KDU haust vart gjennomført med ein Turtipp frå Åsen til Njuken, som hang ute i 3 veker. Ca 25 born gjekk turen, og det ble trekt ut 6 som fekk premie. Nisseturen går som vanleg i desember.

For BT Leikanger starta året med Kom-deg-ut-dagen, 02.02. Det vart ein fin tur frå Kleppa til Damefall med 14 ungar og 11 vaksne i strålende sol. Etter nedstigningane vart gjennomført 4 turar og ein natursti på KDU haust med totalt 60 deltakande vaksne og barn. BT på Leikanger har eit styre beståande av Sindre B. Ramung (leiar), Tom Nesvåg (kasserar), Thomas Scheiber, Arturs Garselis og Jørgen Dale Eikenes. Dei gjer ein kjempe flott innsats for å halde aktivitetsnivået oppe!

FTU – Elisabeth Eidsheim og Ane- Marte Stautland

I februar og mars vart FTU på Heggmyrane. Akinga vart populært med ca 20 deltakare. Pandemien satt ein stoppar for resten av våren. Men på hausten fekk med starta opp igjen, har vore tre samlingar so langt. Ein aktivitetsskveld på Anestølen 2.sept (16 deltakarar), Kvamsøy i Balestrand, 7.okt (18 deltakarar) og Hollekve Gard 4.nov (18 deltakarar). Det har vore mellom anna naturrebus, leikar og ikkje minst bål. Det vert juleavslutning 2 desember. FTU har med seg ein god gjeng med frivillige som bidrar på arrangementa. Det er aktivitetar og turar første onsdagen i månaden kl. 17:00-19:00. Tilbodet er gratis.

Sogndal Gålag – Bjørg Eikum Tang, Oddvar Flæte, Kari Kitty Stadheim og Vidar Læg Reid

Sogndal gålag vart skipa hausten 2018 som ei eining under turlaget. Gålaget har (pr. 26.10.2020) 189 medlemmer, 74 av desse er samstundes medlemmer av Sogndal turlag/DNT. 16 juni starta dei opp att med turar. Kvar tysdag i juni, august, september og oktober har det vore tur med gålaget. Det har vore 18 ulike vandringar, og til saman 706 deltakarar, eller 39 deltakarar i snitt. Det har vore mange ulike kjentmenn- og kvinner, samt frivillige i gålaget som har bidratt til at fleir av turane har blitt fine, sosiale turar. Gålaget er ein viktig møteplass for mange.

Merkenemnda/Stifadder – Anne-Britt Reppen Halset

I år hard det vore eit felles møte og nokre nye stifadderar. Det har også blitt merka nokre nye turar (13km) og eller gjort førefallande arbeid . Turen mellom Stokksete og Stepin, via Orrestadstølen er ein av dei nymerka turane (5km). Det er god dugnadsånd i denne nemnda og me har mange planar om ny merking neste sesong. Ta kontakt om du vil bidra!

Sjekk Ut

Sogndal turlag samarbeidde med Intersport Sogndal og Fjellsportfestivalen om to turprogram med digital innskriving og vekentleg utlodning av gåvekort.

- «*Tur på stien 2020*»: Totalt 1570 innsjekkinga, Stedjestova med desidert flest, 338 innsjekkingar, etterfølgt av Jeiskedalen (181), Sauradn (137) og Hesteggi (95).
- «*Fine toppar i Sogndal 2020*»: Totalt 385 innsjekkingar. Flest besøk på Hesteggi med 95 innsjekkingar. Etterfølgt av Nuken (89), Tylderingen (67), Togga (47) og Storehogen/storehaugen (30).

Valnemnd

Bestått av Anne Rudsengen, Knut Armand Iversen og Sindre B. Ramung (leiar). Valnemnda har hatt to møte i tillegg til noko kontakt mellom møta. Dei har hatt samtalar med leiar og det sittande styret for å avklare kandidatar til attval og for å få oversikt over styret sitt arbeid og behov. Anne Rudsengen og Sindre B. Ramung sine plassar i nemnda er på val i år.

Sogndal den 11.11.2020.

Ove Ellingsen,
Leiar Sogndal Turlag

Marie Sørum
Organisasjonsarbeidar